

**Merknadsskjema – planoppstart (30.11.2020- 23.01.2021).**

<b>Plannavn</b>	Ytre Eidsnes, gnr. 215 bnr. 2 mfl., Alver kommune
<b>Arealplan-ID</b>	4622_ 20200001
<b>Saksnummer</b>	20/09539
<b>Utarbeidet av</b>	ABO Plan og Arkitektur AS
<b>Sist revidert</b>	19.02.2021

<b>Nr.</b>	<b>Avsendar</b>	<b>Hovudpunkt i merknad/uttale</b>	<b>Forslagsstillars kommentar</b>
	<b><u>Private merknader:</u></b>	<b>Ingen private merknader.</b>	
	<b><u>Høyringsinstansar:</u></b>		
1	NGIR Datert: 07.12.2020	I Alver kommune har kvart einskild hushald rett til å setja fram opptil to dunkar avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad til dunkane.  Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar.	Dei 5 nye bueiningane vil ha sine avfallsdunkar langs fylkesvegen.
2	Kultureininga Datert: 05.01.2021	Ingen merknader til planprogrammet. Positivt at kulturmiljø vert eit tema i konsekvensutgreiinga saman med landskap.	Tas til orientering.
3	Statens vegvesen Datert: 13.01.2021	1) Avkøyringspunkt frå fylkesveg 5456 inngår i planområdet. Vi ser det er gjort utbetringar av avkøyrsla dei seinare åra men det er likevel er vanskeleg ut frå vegbilde å sjå om denne stettar krav til utforming og friskt jfr. handbok N100. Dette er noko plankonsulent må vurdere som ein del av planarbeidet.  2) Skilta fart på fylkesvegen er 50 km/t. ÅDT = 300 (2019). Trafikkmengda er låg. Vegvesenet peiker likevel på at Fv. 5465 er omkøyringsveg ved	1) Tas til følgje.

		<p>stenging av E39. Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikkisikkerheit og framkomelegheit på fylkesvegen skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.</p> <p>3) Av planprogrammet går det fram at i tillegg til utgreiingsprogrammet (pkt. 4.8) vil tema som trafikk, born og unge m.m. bli skildra som del av planomtalen. Det vil og utarbeidast ein eigen risiko- og sårbarheitsanalyse for planforslaget der mellom anna risiko for ulykker knytt til auka trafikk vil bli vurdert. Reguleringsplanen skal leggje til rette for bustadføre mål. Vi ber om at temaet trygg skuleveg vert spesielt omtala og vurdert.</p> <p>4) Generelle krav:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- trafikkisikkerheit for ulike trafikantgrupper</li> <li>- tilkomstløyisingar</li> <li>- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet</li> <li>- trafikkmønster og reisemiddelfordeling</li> <li>- parkeringsdekning og -behov</li> <li>- framkomelegheit for ulike trafikantgrupper</li> <li>- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden</li> </ul> <p>Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafikkisikkerheit og framkomelegheit må også utgreiast.</p>	<p>2) Tas til orientering.</p> <p>3) Trafikktryggleik for mjuke trafikantar og trygg skuleveg vert vurdert i KU- tema <i>Bustad, areal og transport</i>.</p> <p>4) Tas til følgje.</p>
4	<p>Statsforvaltaren</p> <p>Datert: 03.12.2020</p>	<p>1) Er i utgangspunktet kritisk til planlegging som ikkje er i samsvar med overordna plan. Det er i kommuneplanen ein skal vurdere kor ein skal leggje til rette for bustadområde. Her kan ein i større grad vurdere kor mange bustadområde som er naudsynt i kommunen og kor ein best kan plassere desse. Kommuneplanen for Lindås vart vedteke i 2019 og det vart då vurdert at kommunen hadde lagt til rette for nok bustader i heile kommunen. Dei kan slik sett ikkje sjå kvifor ein no skal utarbeide ein reguleringsplan for bustad i LNF-formål med omsynssone landbruk. I dette området er det berre tillate med naudsynte tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag. I dette</p>	<p>1) Tas til orientering.</p>

		<p>området er formålet forsterka med ei omsynssone for landbruk og kulturlandskap. Statsforvaltaren i Vestland rår primært til at vurderingar av nye bustadområde i kommunen skjer i samband med utarbeiding av kommuneplan for Alver kommune.</p> <p>2) Om ein likevel vel å gå vidare med planarbeidet, er det viktig at naturmangfald, landbruk og kulturlandskap vert vurdert grundig. Vi meiner også at det må utarbeidast ein mobilitetsanalyse for å belyse korleis ein kjem seg rundt, og om utbygginga er i samsvar statlege planretningslinjer for bustad- areal og transportplanlegging.</p> <p>3) Det er også viktig at ein vurderer om dette er eit området som er eigna for bustad. Ein må då sjå på eit bredt spekter av tema som klima, naturmangfald, folkehelse, universell utforming, barn og unge, trygg skuleveg og avstand til skule, barnehage og andre fasilitetar. Etter det vi kan sjå er det ikkje løysing for mjuke trafikkantar langs vegen i dette området, og det må vurderast om folk og særleg barn kan ferdast trygt langs vegen, enten det er til skulen eller på fritida. Om ein skal leggje til rette for fleire bustader her bør dette også vere i trå med arealstrategien i kommunen.</p> <p>4) Ifølge planprogrammet skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing på tema landbruk og landskap og kulturmiljø. Statsforvaltaren meiner ein også <u>naturmangfald og bustad-, areal og transport</u> må vere KU-tema, saman med born og unge sine interesser. Kulturlandskap må også vere ein del av konsekvensutgreiinga. Vi legg til grunn at det også vert vurdert om planforslaget er i strid med statlege føringar knytt til desse temaa. Planprogrammet ser elles ut til å nemne dei mest relevante statlege føringane, men det vil vere viktig at verknadane av planen går klart fram og vert konkret vurdert.</p> <p>5) Vi gjer merksam på at det vert referert til Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vedtatt 12.06.2015. Det vart vedtatt</p>	<p>2) Tas til følgje.</p> <p>3) Tas til følgje. Naturmangfald og Bustad, areal og transport er lagt til som nye KU-tema. Skuleveg og trafikktryggleik for mjuke trafikkantar er særleg viktig tema å vurdere under Bustad, areal og transport.</p> <p>4) Tatt til følgje. Kulturlandskap er tatt med som eit tema saman med landskap og kulturmiljø. Naturmangfald og Areal og transport er eigne KU tema. Når det gjeld born og unge, så er det ikkje gjort registreringar som seier at dette bør vere eige utgreiingstema. Planforslaget si betyding for barn og unge vil likevel vere eit viktig gjennomgåande tema i planskildringa</p> <p>5) Tatt til orientering.</p>
--	--	---	---

		<p>nye Nasjonale forventningar 14.05.2019, og det er desse som må leggst til grunn.</p> <p><b>Konklusjon</b> Statsforvaltaren rår primært ifrå å gå vidare med planen før området eventuelt har vore vurdert i kommuneplanssamanheng. Om ein likevel vel å gå vidare med planarbeidet no er det viktig å belyse alle relevante plantema og verknader grundig.</p>	
5	<p>NVE</p> <p>Datert: 25.01.2021</p>	<p>NVE legg til grunn at kommunen vurderer om planen tek i vare nasjonale og vesentlege regionale interesser. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vere lagt ved plandokumenta.</p>	Tas til orientering.
6	<p>Vestland Fylke</p> <p>Datert: 17.01.2021</p>	<p>1) Planlagt føremål er i strid med overordna plan og på generelt grunnlag vil dei rå til at planinitiativ som er i strid med overordna rammeverk vert behandla på kommuneplannivå. Alver kommune har likevel vald å anbefale oppstart. Vestland Fylke har difor følgjande tema som planarbeidet må å fokus på i det vidare arbeidet:</p> <p>2) <u>Areal og transport.</u> Fylket er kritisk til bilbasert utbygging utanfor definerte vekstsonar og bygge ned landbruksareal. <u>Samferdsel.</u> Generelle vegfaglege krav til planarbeidet må følgjast.</p> <p>3) Avkjørsla til fylkesvegen har ein 3 meter svingradius i retning høgre og er i samsvar med løyve gitt i 2017 for dei to einebustadane på gnr/bnr 215/88 og 89. Avkjørsla har ein liten svingradius med tanke på auka bruk. Ny dimensjonering av avkjørsla må gjerast i samsvar med handbok N100.</p> <p>4) <u>Kulturminne og kulturmiljø.</u> Ein har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Ein må unngå skade på steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar og liknande.</p>	<p>1) Tas til orientering</p> <p>2) Generelle vegfaglege krav skal følgjast i planarbeidet.</p> <p>3) Tas til orientering.</p> <p>4) Tas til orieterin.</p>

